



Holsbergstien velforening
Bjørn Teodor Kvalheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2375 - 16/22365

Saksbehandlar:

Anny Bastesen

anny.bastesen@meland.kommune.no

23.11.2016

Vedk spørsmål om drift og vedlikehald veglys Holsbergstien

Viser til brev datert 22.09.2016 frå Holsbergstien Velforening med spørsmål om kommunen kan overta drift og vedlikehald av veglysanlegg Holsbergstien. Beklager sein tilbakemelding.

Spørsmålet har prinsipiell karakter då det kan vere fleire liknande private veglysanlegg i kommunen. Saka må fremjast politisk, med eit samla overslag over konsekvensane totalt for kommunen og driftsbudsjettet. Til dette trengs ei kartlegging over mogelege anlegg, lokalisering, tal veglys, kva slag avtaler som er inngått med leverandør, kven som har oppført anlegga, kva type armatur og lyskjelder som er nytta og årlege driftskostnader. Dette fordi kommunen sitt driftsbudsjett er relativt stramt.

Dette er for så vidt ei omfattande sak, som administrasjonen vil kunne fremme. Dersom velforeninga lagar ei oppstilling som nemnt over, kan det vere ein start.

På grunn av låg saksbehandlingskapasitet for tida er det vanskeleg å seie kva tid saka vil kunna bli fremja politisk, det må vi komme tilbake til.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no